«Og jeg så noe som lignet et hav av glass blandet med ild. På glasshavet sto de som hadde seiret over dyret og bildet av det og tallet som står for dyrets navn. De har Guds harper i hendene og synger den lovsangen som Guds tjener Moses sang, den som også er sangen for Lammet:

Store og underfulle er dine gjerninger,
Herre Gud, du Allmektige.» ■

” Så må ikke vi forveksle allmakt med det som djevelen tilbød Jesus.

Nils Terje Andersen



På Anafora blir det undervist i økologi og ansvar for skaparverket og klimaet, seier biskop Thomas. Foto: Stig Øyvind Blystad

BISKOP THOMAS SATSAR PÅ SOLA

Ti prosent av elektrisiteten på Anafora er i dag henta frå solcellepanel. No skal kristne koptarar læra å laga små solcellelampar som dei kan selja i fattige landsbyar sør i Egypt.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ – **Solenergi skal veksa** på Anafora. Vi vil bytta ut endå fleire generatorar. Men solcellepanela er dyre, så veksten avheng av kor mykje vi kan investera i dette, seier biskop Thomas på nytt besøk hos Stefanusalliansen.

Anafora, eit kraftsenter for den kristne minoriteten i Egypt, starta med dei første solcellepanela for eit tiår sidan. No skal enkel solcelle-teknologi også spreia til landsbyane i Øvre Egypt, der biskop Thomas sitt bispedømmet ligg.

Stefanusalliansen støttar eit kurs der folk lærer seg å laga lampar og lommelykter basert på solceller. Med denne kunnskapen kan dei på sikt etablere små verksemder i sine heimlandsbyar, der tilgang på elektrisitet ofte er dårleg. Det første kurset starta i vinter.

Økologi i hundrevis av år

Klima og miljø står heilt sentralt både i drifta av Anafora og i teologien til biskop Thomas. Biskopen, som lenge har vore ei inspirasjonskjelde for mange her i landet, blei i fjor valt inn i eksekutivkomiteen – sentralstyret – i

Kyrkjenes verdsråd. Leiaren i den koptisk-ortodokse kyrkja, pave Tawadros II, utnemnde han då til ein av kyrkjas 20 metropolittar. Men biskop Thomas ser gjerne at vi framleis kallar han biskop.

I fjor samla stats- og regjerings sjefar frå heile verda seg i Egypt til klimatoppmøte for å prøva å bremsa veksten i temperaturen på jorda. Biskop Thomas seier at kyrkja hans har levd i forpliktinga om å ta vare på klima og natur lenge før toppmøtet.

Anafora har eit charter om ta vare på natur, miljø og klima – om reparasjon og gjenbruk, om å ta vare på vatnet og leva i pakt med naturen, som alle tilsette må signera. Gjester kan også signera.

– Vi ønskjer også å spreia bodskapen. Naturen og klimaet har vore med i dei daglege bønene i kyrkja vår i mange hundre år, lenge før toppmøtet. Kvar einaste dag ber vi for plantene, dyra, vatnet og lufta. Vi starta ikkje med bønene på grunn av dei farlege endringane i klimaet i vår tid. Dette er ein viktig del av trua vår og den vekta dei bibelske tekstane legg på skaparverket og vårt ansvar for skaparverket. Dette er noko dei vestlege kyrkjene ikkje har hatt, seier biskop Thomas.

Ingen plantevernmidde

På Anafora er det økologisk drift. Kjemikalier er rydda vekk. Myggnett har erstatta all bruk av giftig mygg spray. Det er slutt på å bruka plantevernmidde. I jordbruket let dei nyttige og gode mikrobar nedkjempa dei mikrobane som øydelegg plantene.



Naturen og klimaet har vore med i dei daglege bønene i kyrkja vår i mange hundre år.

Biskop Thomas

– Mikrobane balanserer kvarandre. Dette må vi dra nytte av for å forstå og leva i pakt med økosystemet. Slik kan vi sikra at naturen overlever. Di meir vi bryr oss om naturen, di meir godt får vi av naturen, seier biskopen.

På Anafora får folk frå landsbyane i bispedømet til biskopThomas sør i Egypt også læra om kristen tru og økologi. Dei tek med kunnskapen heim.

– Dei komposterer og driv gjenbruk. Mange produkt vert både billigare og sunnare av økologisk drift, seier biskopen.

Varme og tørke

I Egypt er somrane blitt varmare og tørrare, med mindre regn og dårlegare avlingar. Bøndene prøver å tilpassa seg – ved å bora eller grava etter vatn og ved å satsa meir på avlingar som eignar seg om vinteren.

– Vi gjer det vi kan for å ta tilbake ørkenen. De i Noreg har vatn som kjem frå himmelen. Vi må kjempa for å få tak i vatn. Kvar einaste dråpe er verdifull.

På Anafora fekk dei for eit par år sidan problem fordi vatnet som kom opp av borehola, var blitt salthaldig mellom anna på grunn av sterk utbygging i området rundt Anafora gjennom dei siste 20 åra.

– Takk Gud, no klarar vi å filtrera vatnet for salt, seier biskop Thomas.

Her er det økologi: Først vert vatn filtrert for det mest skadelege saltet. Så får fisk leva i vatnet og gjera det meir næringsrikt. Vatnet vert deretter brukt på åkrane.

«Vi haustar det vi sår»

– Vi underviser om økologi, om forholdet mellom det skapte og Gud og om vår rolle som menneske. Den første oppgåva vi menneske fekk var – som skapte i Guds bilete – var å råda over naturen, og å ta vare på naturen. Vår aggresjon mot og omsynslause bruk av naturen skadar både naturen og oss. Vi haustar det vi sår, eller rettare: Etterkomarane våre haustar det vi sår. Dersom vi reddar klimaet no, får våre etterkomarar eit godt klima.

Biskop Thomas siterer frå kapittel 8 i Romarbrevet: «Det skapte lengtar inderleg etter at Guds born skal openberrast i herlegdom.»

– Vi må forstå at skaparverket ventar på at vi som Guds barn skal bli openberra i Guds herlegdom. Då må vi forstå ansvaret vårt: Å ta vare på naturen og klimaet er ei oppgåve vi har frå Gud. Naturen forstår ingen landegrenser. Difor må vi saman ta vare på naturen og ikkje berre forbruka den. Vi må også be om fred, i staden for å produsera våpen som øydelegg naturen og klimaet, seier biskop Thomas. ■

Anafora og Anastasia

- Retreatsenter i ørkenen nord for Kairo.
- Bygt opp av biskop Thomas og staben hans.
- Utdanningssenteret Anastasia er støtta av Stefanusalliansen sidan starten.
- Tilbod til fattig ungdom, kvinner og religiøse leiarar frå Øvre Egypt.
- Yrkesretta opplæring, kvinneprogram, folkehøgskule og masterprogram med meir.



På Anafora er ørken gjort til hage, og solceller skaffar så langt tiandeparten av elektrisiteten.
Foto: Christine Gripsgård Lunga

KJEMPAR MOT TO ÅR I FENGSEL



Keshab Acharya ber om forbøn før han 16. juni må møte i Supreme Court.
Foto: Johannes Morken

Pastor Keshab Acharya er dømt til to års fengsel, skulda for å ha brote lova som forbyr konvertering.

TEKST: JOHANNES MORKEN, KATHMANDU, NEPAL

■ **No skal den øvste** domstolen i Nepal avgjera saka.
– Vi må vinna saka. I motsett fall får vi presedens imot oss. Det handlar om retten til å praktisera trua vår og forkynna evangeliet, seier Dilli Ram Paudel, generalsekretær i Nepal Christian Society.

Dommen mot Acharya er den første etter den nær tre år gamle lova som forbyr konvertering.

Nepal, klemt mellom Kina og India, har eit hinduistisk fleirtal. Landet har kvitta seg med det hinduistiske kongedømet og blitt sekulær republikk. Men sekularisme er i grunnlova definert som vern om hinduismen. All konvertering er forbode.

Arresert etter forbøn

Pastoren har sete i fengsel nær fire månader til saman og betalt store summer i tre kausjonar etter den første arrestasjonen 23. mars i 2020, i starten på pandemien. Pastoren hadde i Jesu Kristi namn bede for koronasjuka. Eit klipp av ei preike på YouTube vart, ifølgje pastoren, teke ut av sin samanheng.

– Eg vart håna i sosiale media, fortel Acharya.


Så kom politiet. Han vart arrestert, skulda for å ha spreidd falsk informasjon om viruset. Men Acharya avviste blankt at han hadde fortalt folk at dei kunne unngå viruset ved å bli kristne.

Acharya vart sett fri etter drygt to veker, berre for nokre minutt etterpå å bli arrestert på nytt. No vart han bura inne for å ha «opprørt religiøse kjensler» og for brot på forbodet mot konvertering. Den 3. juli 2020 slapp han ut mot ein kausjon tilsvarande 25 000 kroner – ein svært høg sum i Nepal.

I 2021 blei han i to rettsinstansar dømt til to års fengsel og ei bot. Den 22. november måtte Acharya møte i ei av ein serie rettshøyringar. Til hans og familiens sjokk blei han frå rettssalen sendt rett i ei fengselscelle. Familiefaren slapp først ut – mot ny kausjon på julekvelden etter å ha anka.

«Har aldri pressa nokon»

I Høgsteretten – Supreme Court – er saka alt utsett to gonger. Den 16. juni er neste høyring.



Dilli Ram Paudel har sjølv vore arrestert og tiltalt, men blei frikjent. Foto: Johannes Morken

I denne frittstående kyrkja er Keshab Acharya pastor. Foto: privat

» Eg har aldri tvinga nokon eller pressa nokon til å skifta tru.

Keshab Acharya

– Eg har aldri tvinga nokon eller pressa nokon til å skifta tru, seier Keshab Acharya.

Han har delt ut mange kristne traktatar. Under etterforskinga fann politiet ein mann som hevda at Acharya hadde gitt han ein traktat og bede han bli kristen. Det var «provet» på brot på forbodet mot konvertering. Men mannen blei aldri ført som vitne i retten. Kona til Acharya, Junu, seier til nettavisa Morning Star News at folk som fekk traktatar, fortalde politiet at mannen hennar ikkje hadde bede dei konvertera. «Han gav oss papiret, vi las og kasta det. Det var det», har desse fortalt.

– Det var ingen vitne, ikkje eit einaste, som kunne stadfesta skuldinga som Keshab er dømt for, seier Junu Acharya.

Månader i fengsel

Acharya seier at månadene i fengsel var svært vanskeleg.

– Eg tenkte på dei små barna mine og på kona mi og på dei truande. Eg ropte til Herren. Eg bad om at dersom Han ville at eg skulle gå gjennom dette, ville han også få meg ut.

Acharya leier ei uavhengig, karismatisk kyrkje. Andre pastorar har sagt at han burde vera meir varsam. Men Acharya forsvarar YouTube-preiker og utdeling av traktatar og seier at retten til å dela evangeliet også gjeld i det offentlege rommet.

Acharya håpar at saka ikkje vert utsett endå ein gong. Så langt har heile prosessen kosta mellom 40 000 og 50 000 dollar, ifølgje støttespelarane til pastoren.

Ein av dei er BP Khanal, sentral i det kyrkjelege arbeidet for å hjelpe folk som vert skulda for lovbrøt.

– Eg fryktar saka mot Acharya er del av ein planlagt aksjon mot det kristne samfunnet.

Om dei store kostnadene seier BP Khanal:

– Diverre er ikkje rettssystemet for vanlege folk, det er til for makta.

Arrestert – og frikjent

Dilli Ram Paudel i Nepal Christian Society har vore arrestert sjølv, skulda for forsøk på konvertering. I 2019 blei han halden sju dagar i varetekt før han slapp ut mot kausjon. Påtalemakta kravde fem års fengsel. Ram vart frikjent både i District Court og i High Court.

Men saka var ei påkjenning. I to år var Paudel rekna som kriminell. Han måtte stilla i avhøyr og to rettssaker utan å vita om han kom heim etterpå.

– Eg vart til slutt frikjent og slapp heldigvis å kjempa i den øvste domstolen, seier han. Dit må altså pastor Acharya.

«Vi skal vera fri»

Ein av dei som skal forsvara pastoren, er den kristne advokaten Kailashman Sashankar.

– Friviljug konvertering er ikkje eit brotsverk. Vi skal vera fri til å praktisera trua og forkynna evangeliet, offentleg og privat, utan frykt og trugsmål, så sant vi ikkje skadar nokon, seier advokaten og legg til:

– Problemet er at éin religion vert verna, medan andre vert hindra. Vi skal vera like for lova og ha same vern av lova. ■

Les meir

På neste side kan du lesa meir om mangel på trusfridom i Nepal



BP Khanal samordnar kyrkjeaktivitet i møte med politi og rettsvesen.

HINDU- PRESS I NEPAL

15 år etter at Nepal kvitta seg med hindukongen og blei sekulær republikk, er det politisk press for igjen å gjera landet til hinduistisk stat.

TEKST OG FOTO: JOHANNES MORKEN, KATHMANDU

■ – I dag kan vi også i parlamentet høyra krav om at Nepal må bli ein hinduistisk stat. Slikt var utenkjeleg for nokre år sidan, seier observatørar Magasinet Stefanus snakkar med i Kathmandu.

Men mange er misnøgde med systemet og manglande utvikling. Presset frå naboen India er også merkbart.

Offisielle tal fortel at 85 prosent av folket er hinduar. Den kristne advokaten Kailashman Sashankar meiner det reelle talet er kring 50 prosent. Nepal kvitta seg med hindukongedømet i 2008. Grunnlova frå 2015 er full av sterke motsetnader som rammar minoritetar.

Grunnlova innførte ein sekulær republikk, men definerer sekularisme som å verna hinduismen – «religion frå eldgamle tider».

– Den definisjonen må fjernast, seier BP Khanal. Han er pastor, kristen aktivist for trusfridom og nasjonal Nepal-koordinator for eit internasjonalt nettverk av parlaments-medlemmer for trusfridom.

Grunnlova slår fast trusfridom, men forbyr konvertering – som har fått eit kategorisk forbod i straffelova. Paragrafen kan brukast mot ei lang rekkje legitime måtar å uttrykkja trua eller livssynet sitt på. Straffelova forbyr også å «opprøra religiøse følelsar».

– Blasfemiparagrafen er endå meir alvorleg og må fjernast. Det er uråd å forsvara seg når nokon påstår at dei har fått religiøse følelsar krenka, seier BP Khanal.

Han er svært uroleg over at mange politikarar i demokratiets namn no driv kampanje for å få tilbake hindustaten og kongedømet.

– Det forsterkar religiøs og kulturell nasjonalisme. Vi ser det same i India og Pakistan. Dette er farleg for demokratiet. Dei som ropar hindunasjonalistiske slagord, skadar og splittar og undertrykkjer folks rettar. Nepal er blitt eit eksperiment for India som ønskjer at Nepal igjen blir ein hindustat, seier BP Khanal.

Ekstremistar i framgang

Nepal er langt meir fredeleg enn India, som har hatt sterk vekst i mobbangrep mot kristne og muslimar. Men



Den muslimske, pensjonerte høgsterettsdommaren Siddiqui forsvargar trusfridommen.



Kailashman Sashankar vil ikkje ha ein religiøs stat, uansett fleirtal i folket.

Nepal har fått fleire hindunasjonalistiske, ekstreme organisasjonar. Slike organisasjonar – som den kjende og frykta RSS – har kome over den opne grensa frå India. Desse skapar aukande uro for angrep på kristne og andre minoritetar.

– Seriose hinduistiske leiingar godtek folks rett til å bytta religion. Men ekstremistiske grupper er korruperte og farlege, seier BP Khanal om erfaringar frå religiøs dialog.

Tanka Subedi i Church Alliance Nepal er meir uroleg for sprengkrafta i eit ikkje gjennomført rettsoppgjær etter den brutale borgarkrigen mellom maoistopprørarar og staten mellom 1996 og 2006.

Men den tidlegare dommaren i Supreme Court, Nepals øvste domstol, Salahuddin Siddiqui, er djupt uroleg for påverknaden frå India og hinduekstremismen. Han fryktar vald.

– Nepal er i ein sårbar situasjon som raskt kan endrast.

Den pensjonerte dommaren, som sjølv er muslim, har publisert skrifter om hinduisme, islam og kristendom for å visa at alle har rett til trusfridom og at dei heilage tekstane til kvar religion gjev grunnlag for fredeleg samkvem.

Han er klar på at trusfridommen er meir enn retten til å be heime eller møtast i eit gudshus.

– Vi må vera tydelege på religionsfridom også inneber rett til å dela og utbreia trua utanfor heimar og gudshus, seier den muslimske dommaren.

Framsteg – og uro

Pastor Vijay Thapa er generalsekretær i Nepal Baptist Church Council med 287 medlemskyrkjer. Han seier at

” Dei som ropar hindu-nasjonalistiske slagord, skadar, splittar og undertrykkjer.

BP Khanal

baptistkyrkjene legg vekt på gode relasjonar til hinduistiske naboar.

– Vi forkyrner, men tvingar ingen til tru. Dersom nokon tek imot Kristus og vil døypast, let vi slektingane deira stå for rituala, seier Thapa.

Nokre framsteg er det. Den 24. desember blei i 2016 anerkjent som nasjonal heilagdag. Og i område med mange kristne, gir fleire lokale styresmakter også økonomisk støtte til kyrkjebygg, fortel Tanka Subedi i Nepali Church Alliance.

– Dersom vi treng vakthald, stiller politiet opp. Men dersom nokon så påstår at vi driv konvertering og ringer politiet, kan vi bli arresterte for ein aktivitet som politiet på den andre sida vaktar. Politiet er nemleg pålagt å etterforska alle rapportar. Folk som vert henta inn av politiet, kan sitja ein månad i varetekt før dei vert sende til retten eller blir sette fri, legg Subedi til.

Dei ulike kyrkjesamfunna har oppretta eit team for å koordinera innsatsen i alle slike saker, fortel BP Khanal.

– Det er viktig å intervensera så snart nokon får problem med politiet. Vi vil gjerne koma til og prøva å unngå at nokon blir arresterte og tekne til retten, seier han.

Khanal har skriva opplæringshefte til pastorar. Heftet forklarar kva trusfridom er, kva straffelova seier og kva pastorane må gjera når nokon vert meld til eller arrestert av politiet. Første opplag på 1000 er snart brukt opp.

Han treng eit nytt opplag for å rusta kyrkjene til nye møte med makta.

Kristen vekst

Frå nokre få hundre kristne for 50 år sidan, er det i dag ein stad mellom 1 og 1,5 millionar, i eit land med eit folketal på vel 30 millionar.

– Vi er ein minoritet. Men dersom vi ein dag skulle koma i fleirtal, må Nepal framleis vera eit sekulært land med like rettar for alle religiøse, etniske og kulturelle grupper, ikkje eit kristent land som set grenser for andre, seier den kristne advokaten Kailashman Sashankar. ■

Fornøyde deltakere på et brasiliansk kurs om trosfrihet, med ressurser fra Stefanusalliansen.
Foto: Graham McGeoch



BEGEISTRING I BRASIL

Våre digitale ressurser til opplæring i trosfrihet vekker begeistring i mange land. Her er en historie fra Brasil.

TEKST: MARIE HARBO ØYGARD

■ **Graham McGeoch underviser** i teologi ved Faculdade Unida i Vitoria i Brasil – i delstaten Espirito Santo sørøst i landet.

Universitetet har bred rekkevidde og er ganske unikt i Brasil: Normalt er brasilianske universitetsstudenter middelklasse og hvite. Her har de 40 prosent kvinner, mange av dem kommer fra en fattigere bakgrunn. Dette gjenspeiler universitetets oppdrag, som er å nå mennesker som ikke har tilgang andre steder.

Så muligheter

Graham deltok i 2021 på et digitalt kurs under vår digitale læringsplattform, et ledet kurs som gir opplæring til folk som selv vil undervise andre om trosfrihet (Training of Trainers).

Han så at det var muligheter for å bruke og oversette noe av materialet vårt for å gjennomføre opplæring i Brasil. Graham tok kontakt med oss, og vi sendte

råmaterialet til et annet kurs som vi nettopp har utviklet og lansert: Local Changemakers (lokale endringsagenter). Dette er et kurs for folk på grasrota, åpent tilgjengelig på nettsiden, så langt på engelsk, arabisk, frans og urdu. Til McGeoch sendte vi materialet før kurset ble offisielt lansert, til inspirasjon.

Graham brukte sin egen læring fra kurset han selv hadde deltatt på og materialet fra Local Changemakers-kurset for å utvikle et opplæringsprogram for studenter på sitt eget universitet i Brasil. Han laget et program tilpasset hans studenter. Programmet fikk plass blant universitetets tilleggsprogrammer for å styrke sivilsamfunnet, demokratiet og menneskerettighetene.

I løpet av 2022 ledet Graham 26 kurs i 12 forskjellige regioner i Brasil. De nådde anslagsvis 10 000 personer. 1200 av disse deltok direkte, og de har i etterkant holdt egne kurs for andre.

Populær opplæring

I starten var målgruppen studenter. Men opplæringen ble raskt populær også blant advokater og deres klienter, via advokatforeningene i ulike regioner. 120 tjenestemenn fra lokale myndigheter fikk opplæring. Kirkelige grupper har vært med, sammen med ansatte i flere organisasjoner i sivilsamfunnet.

En professor ved det samme universitetet bestemte seg for å kjøre et spesialkurs om menneskerettigheter i Det gamle testamentet, basert på opplæringsprogrammet som Graham hadde utviklet. Han holdt dette kurset



Graham McGeoch har selv fått opplæring i trosfrihet og har spredd kunnskapen i Brasil. Foto: privat

” Jeg vet ikke hva vi ville ha gjort uten ressursene fra deres digitale læringsplattform.

Graham McGeoch

for studenter med bakgrunn fra forskjellige kirkegrupper. Oppslutningen var fenomenal: Kurset har nådd omtrent 600 av 1000 studenter.

– Studentene snakker fortsatt om det, sier McGeoch.

– Det hadde ikke vært mulig for oss uten ressursene fra den digitale læringsplattformen. Det er veldig vanskelig å finne godt, fleksibelt undervisningsmaterieell. Ressursene på deres digitale læringsplattform om trosfrihet er svært praktiske og enkle å engasjere seg i på så mange måter. Dette ga oss et materiale vi ikke kunne ha laget på egenhånd. Jeg vet ikke hva vi ville gjort uten ressursene fra deres digitale læringsplattform, sier Graham McGeoch.

Vil gjerne nå enda flere

Han sier at professorene ved universitetet har diskutert om de skal ha et treningsprogram om menneskerettigheter og tros- og livssynsfrihet som en permanent modul.

– Vi mangler fortsatt finansiering, men resultatene av opplæringsprogrammene i 2022 er så solide at universitetet diskuterer hvordan man kan nå et bredere publikum av politikere, jurister, myndigheter og folk på grasrotnivå, sier Graham McGeoch. ■

Glede over opplæring i trosfrihet

■ I en spørreundersøkelse gis det mange svært gode tilbakemeldinger etter bruk av Stefanusalliansens ressurser om trosfrihet.

Stefanusalliansen deltar i et nordisk økumenisk nettverk for trosfrihet – NORFORB. Nettverket har utviklet digitale læringsressurser om trosfrihet på en rekke språk, på FORB Learning Platform. Her er det flere kurs som er åpent tilgjengelige for alle – om trosfrihet, om trosfrihet og kvinners rettigheter, og et ferskt kurs for lokale endringsagenter. Her er det dessuten filmer, øvelser og et vell av andre ressurser.

Under læringsplattformen tilbys også ledede kurs for mennesker som selv vil undervise andre. Kursene tilbys på engelsk fra NORFORB-nettverket og på arabisk fra vår partner Adyan i Libanon.

Stefanusalliansen utvikler også annet materieell – blant annet et hefte om trosfrihet og kvinners rettigheter. Det er også utviklet ressurser for advokater som gir råd eller fører saker for mennesker som opplever brudd på trosfriheten.

Materiellet utvikles med midler fra avtalen som Stefanusalliansen har med Utenriksdepartementet. Den første avtalen gikk fra sommeren 2018 til sommeren 2021. Den nåværende avtalen strekker seg fra sommeren 2021 og ut 2024. Midtveis i perioden ble det gjennomført en evaluering blant deltakere.

Mange fornøyde

Et spørreskjema gikk til alle de 366 som hadde deltatt i aktiviteter fra august 2021 til desember 2022, i alt 366 personer. 132 svarte, som utgjør 36 prosent. Til å være en nettbasert undersøkelse er det meget bra. Samtidig kan vi ikke trekke direkte slutninger fra svarene fra den drøye tredjedelen som svarte, til alle de spurte. For å få med så mange som mulig, ble spørreskjemaet sendt ut på engelsk, russisk og arabisk.

Her er noen gledelige funn:

- Tre av fire svarte at prosjektet har gitt dem en dypere forståelse av trosfrihet.
- 80 prosent av dem som hadde deltatt på kurs for selv å gi opplæring til andre, har holdt kurs etterpå.
- 82 prosent sier at de har inkludert kjønnsperspektivet i sitt arbeid for trosfrihet. ■

Tyrkia: Kirker hjelper og utvider



En av de tre påskekudstjenestene som Antalya-kirken fikk holde utenfor egne lokaler. Foto: Antalya Evangelical Church

■ **Helt siden det** første av en serie jordskjelv la tyrkiske og syriske byer i grus 6. februar i år, har Stefanusalliansens partnere i begge land kjempet for de overlevende.

I Tyrkia har våre partnere Antalya evangeliske kirke og den kirkelige hjelpeorganisasjonen First Hope Association utgjort en viktig forskjell sammen med andre kirker for tusenvis av overlevende, særlig i områder som større aktører ikke har prioritert. Vinterutstyr, mat, vann, sanitærpakker og hygienekontainere er noen av bidragene. Tusenvis av telt ble satt opp i den første fasen. Nå monteres kontainerhjem for å gi bedre tak over hodet både i vinterkulde og den kommende sommervarmen.

I Adiyaman, en av de hardt rammede byene, har det aldri vært en kirke. Der setter nå Antalya-kirken sammen med andre kirker opp en kontainerkirke. Hjelpearbeidet har gitt dem så god inngang blant lokalbefolkningen at kirkene nå vil tilby mennesker et kirkerom, om enn provisorisk.

Hjemme i Antalya, en stor turistby på Middelhavskysten, har den voksende menigheten brukt påsken til å holde den første gudstjenesten på sitt tredje gudstjenestested. Menigheten fikk også holde tre gudstjenester utenfor sine kirkerom i påsken. Til sammen 800 mennesker kom, de fleste fikk med seg hjem et Nytestamente.

De 18 overlevende fra jordskjelvene som i noen måneder bli innkvartert i kirkens gjestehus, er nå reist hjem. De vil dyrke jorda si, og menigheten har kjøpt kontainerhjem til dem. ■

Bli med på tur til Tyrkia

Den 14.-19. oktober 2023 arrangerer Stefanusalliansen gruppetur til Tyrkia.

Det vil bli inspirerende besøk til Antalya evangeliske kirke og Karataskirken i Izmir. Du vil bli godt kjent med flere av Stefanusalliansens samarbeidspartnere og med de utfordringene kirkene og kristne lenge har møtt i Tyrkia. Våre partnere kastet alt de hadde i hendene for å hjelpe ofrene etter jordskjelvene. Krevende utfordringer har også gitt kirkene muligheter.

Turen byr også på besøk til turistattraksjoner som Laodikea og Efesos. Her får dere gå i fotsporene av den tidlige kirken og lære mer om den bibelske historien i Tyrkia.

Jon-Geir Dittmann leder turen. Han er tidligere ansatt i Stefanusalliansen og er nå pensjonert prest. Dittmann har et stort engasjement for Tyrkia og er en god ressursperson og formidler.

Dato: 14.-19. oktober 2023

Pris: Fra Oslo, kr. 16 750,-

Påmeldingsfrist: Innen 1. august

For mer informasjon om program, reisetider og påmelding kan du besøke nettsiden <https://plussreiser.no/reiser/tyrkia> eller sende en epost til liv@plussreiser.no.



Jon-Geir Dittmann (t.h.) sammen med pastor Ramazan i Antalya.



Er du synshemmet?

Eller sliter du med lesingen fordi du har dysleksi?
Nå kan du lytte til Magasinet Stefanus. Med en podkast
kan du enkelt velge hvilke artikler du vil høre.

Ta kontakt med KABB på **telefon 69 81 69 81** eller e-post: **kabb@kabb.no**
Eller skann QR-koden og bestill Magasinet Stefanus som lydfil.



Selvlagde solcelle-lamper gir gode ekstraintekter, mestring og sårt tiltrengt kveldslys for de koptiske kvinnene.

solcelle-
lampe

LYS OPP MØRKET FOR DE KOPTISKE KVINNENE

Er du en fattig, kristen, koptisk kvinne på landsbygda i Egypt, er ikke livet bare tøft, det er en kamp.

En kamp om ressursene fordi klimaendringene gjør tilgang på rent vann og strøm svært uberegnelig. Det er en kamp mot undertrykkende tradisjoner du er født inn i og en kamp i deg selv: hvordan kan du elske deg selv når du er oppdratt til å tenke at du er minst verdt? De fattige nabolagene må som regel ty til brannfarlige parafinlamper i bekmørket. Biskop Thomas på Anafora har sett at varmen fra sola kan utnyttes til fordel for både folk og skaperverket! De ønsker å lære opp unge kvinner til å lage og reparere solcelle-lamper og lommelykter. *Les mer i magasinet på s.14-15.*

**Vil du gi en gave som kan lyse opp mørket for en koptisk kvinne i Egypt?
GI SELVSTENDIGHET, MESTRING OG LYS!**

GAVEEKSEMPEL:

Verktøy til å
lage solcelle-
lamper:

360 kr

GAVEEKSEMPEL:

Transport til
kurs for
6 kvinner:

510 kr

GAVEEKSEMPEL:

Én ukes kurs
for én koptisk
kvinne?

1170 kr

v:pps

til **19013**
- merk med:
Lys